



SAMANDRAG AV

Satsingsområde **Frukt- og grøntprogrammet Sogn og Fjordane** (akronym)

Utvikling av frukt- og grøntnæringa i Sogn og Fjordane (tittel)

[RUP ID: 570](#)



NØKKELDATA			
År start – slutt:	2005	Regional dekning:	Sogn og Fjordane
Status:	Oppstarta	Type prosess:	Satsingsområde

ANSVAR OG LEIING

Stein Harald Hjeltnes er sekretær for programstyret i frukt og grønt og leiår prosessane i regi av Njøs næringsutvikling AS.
Stein Harald er også tilsett 50% i Graminor.

e-post: shh@njos.no

tlf: 957 34 576957 34 576

MÅL OG OPPDRAG

Målsetjinga er å auka verdiskapinga i frukt- og grøntsektoren i Sogn og Fjordane.


Delmål

- Auka Bama sitt kjøp frå fylket til 40 mill. kr. innan 2010
- Samla auka verdiskaping i sektoren til 120 mill. i 2015

MÅLDEFINERING OG INDIKATORAR

Bama kjøpte varer frå Sogn og Fjordane for 20 mill. kr. i år 2000. Frå 2005 vert det registrert verdi og tonnasje også for anna sal gjennom organisert omsetnad. Dette året var omsetnaden til Bama knapt 50% av samla verdi.

Etter at "Bamaprojektet" vart avslutta i 2004, organiserte ein programstyret i frukt og grønt, og definerte mål for heile sektoren, total organisert omsetning av konsumvare og konserverråvare. I 2005 var denne verdien 60 mill. kroner. Ein har sett seg som mål å dobla denne verdien dei neste 10 åra.



Figuren viser årlege mål fram til 2015, og resultat for kvart av åra frå 2005 til 2014, for den samla omsetninga av frukt og grønt i Sogn og Fjordane.

OVERORDNA MÅL OG FORVENTA EFFEKT

Ein forventar effekt av programmet i alle område der det er produksjon av frukt og grønt i fylket. Mottak som er tilknytta Bama vil ha den største veksten i alle fall dei fyrste åra. Andre mottak har satsing på andre grossistar og vidareforedling av lokale produkt.

Måloppnåinga vil gje svært positiv effekt for dei som bur i området gjennom synleg positive endringar i kulturlandskapet, auka mangfald av lokale produkt og lettare rekruttering til frukt- og grøntnæringa.

BAKGRUNN, UTFORDRINGAR OG FØRESETNADER

Frukt- og grøntproduksjonen er viktig for sysselsetjing og identitet i Sogn og Fjordane, og marknaden ynskjer å kjøpa produkt herifrå. Dei siste 15-20 åra har økonomien i produksjonane gått sterkt ned, men i enkelte miljø har ein klart å venda den negative utviklinga gjennom satsing på nye kulturar, profesjonalisering av produksjon og logistikk og investering i ny teknologi. utfordringane ligg i å byggja aktivitet kring mottak og dyrkarar som ynskjer å satsa på frukt og grønt, og syta for at dei får rammevilkår som gjer det mogeleg å få akseptabel økonomisk utteljing.

STRATEGI

Programstyret leiår arbeidet i programmet, og vil organisera innsatsen gjennom program eller prosjekt direkte under satsingsområdet.

AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR

Programstyret sin aktivitet vert oppsummert gjennom møte, og ein har som mål å gjennomføra 3-4 møte i året. Mellom møta arbeider deltakarane i programstyret med aktivitetar som er knytt opp mot programstyret sine prioriteringar, og med felles målsetjing.

Sekretariatet var lagt til Bioforsk Njøs fram til 1.juli 2007. Etter dette er det lagt til Njøs næringsutvikling AS.

Mars 2006: Informasjon om prosjektet til media
desember 2008: Få med Innovasjon Norge i programstyret

METODAR OG VERKTY

Torbjørn Takle frå FMLA Sogn og Fjordane er leiar av programstyret, og arbeider tett saman med sekretariatet.

Årleg rapportering skjer like etter nyttår. Sekretariatet har ansvar for å samla inn omsetningsdata i desember.

Framdrift i arbeidet sikrar ein gjennom planar som vert lagde i møte og rapportering der.

SPEIELLE OMSYN OG KRITISKE SUKSESSFaktorAR

WTO-avtalen og redusert tollvern på frosne bringebær
Mindre forbruk av syltetøy og redusert pris på frosne bær
Lønsnivå på bærplukking
Rekruttering av dyrkarar til næringa

RESULTAT / PRIORITERINGAR

Det var fin auke i 2006, medan 2007 vart eit dårlegare år i høve til det forventta. Dette hadde samband med svikt i morell-avlingane i Lærdal og problem med tunnelldyrkinga av bringebær. Frå 2008 har bringebær teke heilt av, og det skuldast primært dyrking av bringebær under plast til friskkonsum.

EVALUERINGAR

PUBLIKASJONAR, RAPPORTAR OG INFORMASJONSAKTIVITET

November 2005: Møte i programstyret
Desember 2005: Møte i programstyret
Februar 2006: Møte i programstyret
Mars 2006: Rapport om nye vekstar
Mai 2006: Møte i programstyret

ØKONOMI

ANNA DELTAKING

Programstyret for frukt og grønt leiar utviklinga.

Fylkesmannens landbruksavdeling, Torbjørn Takle, leiar
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Arne Monrad Johnsen, medlem
Lærdal grønt, Rikard Lysne, medlem
Luster grønt, Hans Herman Kalhagen, medlem
Sognefrukt, Knut Jarle Krosshaug, medlem
Sognabær/Vangsnes fruktlager, Ola Hopperstad, medlem
Innvik fruktlager, Svein Kvame, medlem

Stein Harald Hjeltne, sekretær